



Den forferdelege tannverken.

Trygve Haugland har fortalt om ein gong han hadde så forferdeleg tannverk at han ikkje visste kor han skulle gjera av seg. Då kom kona, Sigrun, inn og sa at ho hadde sett at doktoren var faren på dalen. Trygve tenkte han fekk prøve å stoppe doktoren når han kom på ned sjølv om det var litt seint på kvelden.

Trygve og Sigrun budde på den tida på oppsida av vegen. Det var ein fin sommarkveld, og han stilte seg i kjellardøra og venta på at doktoren skulle komma på ned att. Då Haugen kom, fekk han stoppa han. Haugen rulla ned bilglaset, og Trygve fortalde om den forbarkedede tannverken.

- Kor er den? Kan jeg se? sa Haugen gjennom bilglaset, og Trygve måtte gapa alt han kunne.

Deretter spratt doktoren utav bilen, var bak i baksetet og henta to koffertar og så bar det inn i stova. Doktoren ordna med arbeidslys frå ein stålampe, bedøvde skikkeleg godt og fekk ut den vonde tanna.

Betalinga var den vanlege femmaren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003